



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Ingunn Landro Sandset, 5557 2273

Vår dato
02.12.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/14397 612
Dykkar referanse

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Tildelingsbrev - Meland kommune - Stipend til barnehagertilsette 2015

Ref.2170ils, pnr. 21017

Fylkesmannen overfører **kr 25 000** til Meland kommune sitt kontonummer **1503 18 83722**.
Org.nr. 951 549 770.

På vegne av Utdanningsdirektoratet utbetaler Fylkesmannen i Hordaland stipend som skal gå til eigar av Leiketun barnehage i Meland kommune. Ei av dei tilsette der får stipend for å ta arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning (ABLU). Tildelinga er kr 25 000 for kvar stipendmottakar.

Vi ber om at kommunen vidareformidlar stipendet til barnehageeigaren.

Barnehage: Leiketun barnehage	Eigar : Frekhaug Indremisjon	Stipendmottakar: Jorunn Litangen
----------------------------------	---------------------------------	-------------------------------------

Vedlegget til dette brevet inneholder viktig informasjon som må formidlast til eigaren i tildelingsbrevet.

Barnehageeigar har i brev til Fylkesmannen

- Stadfestat stipendmottakaren/ane er teken opp på studiet og at dei har takka ja til å delta i stipendordninga.
- Stadfestat barnehageeigaren tek ansvaret for å forvalte stipendmidlane etter føresetnadene.
- Informert stipendmottakaren om at den delen av stipendet som overstig kostnader knytt til utdanninga, kan vere skattepliktig.

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Ingunn Landro Sandset
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg: Mal for tildelingsbrev til barnehageeigar

Tildelingsbrev - stipend for Arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning (ABLU)

På vegne av Utdanningsdirektoratet og Fylkesmannen overfører kommunen kr 25 000 til Eigar av Leiketun barnehage for utbetaling til *Jorunn Litangen* som tek Arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning (ABLU). Barnehageeigaren må overføre stipendet til stipendmottakaren.

For hausten 2015 er stipendet på kr 25 000. Andre halvdel av stipendet, kr 25 000, blir utbetalt når andre semester er gjennomført våren 2016.

Eigaren har stadfesta til Fylkesmannen

- At stipendmottakarane er teken opp på ABLU studiet og takkar ja til å delta i stipendordninga.
- At barnehageeigaren tek ansvaret for å forvalte stipendmidlane etter føresettadene.
- At stipendmottakaren er informert om at den delen av stipendet som overstig kostnader knytt til utdanninga, kan vere skattepliktig.

Vilkår for å få stipend

For å få stipend må den tilsette ha følgt den planlagde studieprogresjonen og levert alle arbeidskrav. Dersom stipendmottakaren sluttar på studiet, vil det ikkje bli utbetalt stipend for våren 2016.

Bruken av stipendet

Den tilsette kan sjølv, i dialog med sin arbeidsgjevar, avgjere om stipendet skal komme på toppen av anna inntekt eller som kompensasjon for redusert lønn ved nedsett stillingsprosent i periodar.

Lokal avtale om utgiftsdekking

Det må avgjerast lokalt kven som skal dekke kostnader til eventuell studieavgift, reise, opphold, læremidlar o.s.v.

Arbeidsgjevaravgift

Det blir ikkje utbetalt arbeidsgjevaravgift til eigar i denne ordninga. Det betyr at eigar vil bli belasta med arbeidsgjevaravgift for stipendet til den tilsette.

Våren 2016 skal de rapportere til Fylkesmannen på gjennomføring og eventuelt fråfall. Det blir gitt melding om rapporteringsfristen.